

ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Lagsrommet (kjellar), Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 5. mars 2019 - kl. 19.00



Ole Ekornes

SAKLISTE

SAK 1 OPNING AV MØTET	3
1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste	3
1.2 Val av møteleiar	3
1.3 Val av skrivar	3
1.4 Val av to til å skrive under møteboka	3
1.5 Val av teljekorps	3
SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2018	3
2.1 Melding frå Styret i Leikarringen	3
2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen	3
2.3 Melding frå Søndansen	3
2.4 Melding frå Bunadnemnda	3
2.5 Melding frå Hundreleiknemnda	3
SAK 3 REKNESKAP FOR 2018	4
3.1 Rekneskap	4
3.2 Balanse	5
SAK 4 PLANAR FOR 2019	6
4.1 - Aktivitetar	6
4.1.1 Regulære øvingar	6
4.1.2 Terminavslutningar	6
4.1.3 Dansekveldar	6
4.1.3.1 "Lønningspols"	6
4.1.3.2 "Listefyll"	6
4.1.4 17. mai - HURRALEIK	6
4.1.5 Kappleikar	7
4.1.6 Kven veit?	7
4.2 Barnesatsing i Leikarringen	7
4.2.1 Oppretting av ny barnedansegruppe	7
4.2.2 BULder og Brak - utstyr	7
4.3 Framsyningar (hovudsakleg BULder og Brak)	7
4.4 Hundreleik - 100-årsjubileum	8
4.5 Kurs og seminar	8
4.6 Profilering	8
4.6.1 Leikarringen i Allkunne og Wikipedia	8
SAK 5 MEDLEMPENGAR FOR 2020	9
SAK 6 BUDSJETT FOR 2019	10
SAK 7 VAL	11
VEDLEGG	12

SAK 1 OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

1.2 Val av møteleiar

1.3 Val av skrivar

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

1.5 Val av teljekorps

SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2018

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

2.3 Melding frå Søndansen

2.4 Melding frå Bunadnemnda

2.5 Melding frå Hundreleiknemnda

Se vedlagt årsmelding frå ovennevnte for 2018 (vedlegg 1)

SAK 3 REKNESKAP FOR 2018

3.1 Rekneskap

Førebels rekneskap. Rekneskapen er ikkje ferdig revidert av revisor før utsendinga. Ferdig revidert rekneskap vert presentert under årsmøtet.

	Leikarringen med Barnelaget	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2018
3010	Årspengar	31 300	19 900	30 000
3060	Særlagsstønad	100 000	100 333	100 000
3075	Inntekt oppdrag	22 000	32 000	30 000
3080	MVA-komp.	851	1 678	2 000
3090	Diverse tilskot	34 160	10 460	20 000
3095	Jubileumsinntekter	670		
3100	Billettsal	4 118	147	2 000
3110	Anna inntekt, øvingar, folkedanskveldar	7 702	4 148	2 500
3900	Ymse inntekter	0	0	20 000
	SUM DRIFTSINNEKTER	200 801	168 666	206 500
5315	Honorar sjølvstendige	-38 400		
5830	Lønskostnader til fordeling	-87 573	-146 101	-151 000
6300	Leige lokale BLS		0	0
6550	Notar og utstyr	-9 968		-10 000
6890	Andre kontorkostnader	- 239	- 200	-1 000
7310	Lysingar/blestarbeid	-2 030		-2 000
7342	Møtekostnader		0	-2 000
7440	Gåver	-4 070	- 908	-6 000
7510	Forsikring lagsdrifta	0	-3 898	-4 000
7712	Andre møtekostnader/øvingar	-3 834	-2 564	-6 000
7715	Kurs	-1 011	-2 000	-5 000
7730	Rådvelde styret	-20 000	0	-70 000
7790	Andre kostnader	-20 900	-6 910	-25 000
7,79	Jubileumskostnader	-13 713		

5				
	SUM			
	DRIFTSKOSTNADER	-201 737	-162 581	-282 000
8050	Renter bank	3 120	3 591	3 300
8150	Bankgebyr	- 38	0	- 100
8170	Andre finanskostnader	0	0	
8800	RESULTAT	2 146	9 676	-72 300

3.2 Balanse

Balansen vert oppdatert så snart det er klart, og presentert på årsmøtet.

	BALANSE	LR m BL 31.12.2018
	Eigendeler:	
1556	Til gode hovudlaget	6,636
1841	Bunadssylv og heidersmerke	10,095
1850	Fond	246,258
1976	Hundreleik	6,949
1977	Bank DNB	67,784
1978	Bank BN	445,310
	Bank Barnelaget	
	Sum eigendeler	783,032
	Eigenkapital og gjeld:	
2050	Eiga pr. 1.1	746,786
	Gjeld hovudlaget	
	Resultat	36,246
	Sum eigenkapital og gjeld	783,032

SAK 4 PLANAR FOR 2019

4.1 - Aktivitetar

4.1.1 Regulære øvingar

Dei regulære øvingane på tysdagar og ved søndansen er kjernen i Leikarringen sin aktivitet og vil halde fram i 2018. Her legg vi det sosiale og faglege grunnlaget for framsyningar, turar og øvrig aktivitet. I tillegg til øvingane for vaksne vert det óg arrangert barneøvingar i BULder og Brak. Det vert seinare presentert eit framlegg om enda eit nytt barnetilbod.

For detaljert oversikt over regulære øvingar kan ein sjå dei vedlagde terminplanane for våren 2019 (vedlegg 3, 4 og 5). Styret ønskjer å leggje seg på same faglege nivå, som og tyder det same kostnadsnivået som tidlegare. Tysdagsøvingane finn stad i Teatersalen, Rosenkrantz' gate 8, kl. 19:30-21:30, medan Søndansen prøvar å møtest ein søndag i månaden. Søndansen held til i lagsrommet, i Rosenkrantz' gate 8 kl. 18:00-21.00.

4.1.2 Terminavslutningar

Vi planlegg terminavslutningar både sommar og vinter, som ei triveleg markering av eit gjennomført semester. Sommeravslutninga vonar vi kan haldast ute, om vêret tillet dette, medan vinteravslutninga blir knytt til jul/advent med kulturelt innslag, oppsummering av året og høgtidleg "snæks".

4.1.3 Dansekveldar

4.1.3.1 "Lønningspols"

Dette konseptet har vi hatt nokre år, med suksess og med godt oppmøte frå både medlemer og ikkje-medlemer. Til vårterminen har vi alt hyra gamaldansgruppa Steinsgårdskroken og vonar god stemning. Styret har så langt ikkje planer om ei slik dansefest i haust. Da har vi andre arrangement, som t.d. Jubelleik.

4.1.3.2 "Listefyll"

Dette konseptet vart gjennomført fyrste gong hausten 2018, og er framleis under utvikling. Tanken er å la dei som danse vil få møte til ei vanleg tysdagsøving, men utan at det vert instruksjon. Dessutan dansar vi denne kvelden kun til digital musikk og inviterer særskilde til å lage ei eiga speleliste med den beste innspelte dansemusikken for kvelden. Vi reknar å arrangere dette i vårterminen og haustterminen.

4.1.4 17. mai - HURRALEIK

Alle arrangement denne dagen vert samla kalla "Hurraleik", i høve med jubileumsfeiringa i år, og andre Hundreleik-arrangement.

For 47. gong skal Leikarringen danse fyrst opp Karl Johan på grunnlovsdagen. Her håpar vi å samle alle danseglade, og frå andre lag, slik at det blir eit stort og synleg innslag på morgonkvisten. I høve med 100-årsjubileet ønskjer vi å arbeide for å verte fleire enn 100 personar med på dansen.

I mange år har Leikarringen gleda bebuarane ved Ensjøtunet seniorsenter med dans på ettermiddagen. Dette ønskjer vi at held fram og vonar få med ei stor gruppe dansarar til å delta her.

I samarbeid med hovudlaget arrangerer Leikarringen det, etter kvart, tradisjonsrike Brusteiinsballet på Universitetsplassen med start kl. 18.14. Vi ynskjer kvart år å utvide konseptet for å i større grad nå fram til moglege nye medlemer.

4.1.5 Kappleikar

Etter mange gode opplevingar på kappleik både lokalt og nasjonalt ønskjer styret å halde fram med deltakinga på Landskappleiken og Oslokappleiken. I år vert Landskappleiken arrangert i Vågå.

I tillegg vil Leikarringen sjølv skipa til framsyningskappleik under jubileumshendinga Jubelleik. Her inviterer vi lag og ringar til å delta med eigne koreografiar m.m.

4.1.6 Kven veit?

NU arrangerer kvart år kunnskapstevlinga "Kven veit?". I år, som i fjor planlegg Leikarringen å delta med minst eitt lag. Også Teaterlaget stiller og vi vonar dette kan bidra til å auka kjennskapen med kvarandre både innan og på tvers av særлага. Konkurransen vert gjennomført i fleire rundar gjennom vårterminen. Dette har kommet på planen etter initiativ frå medlemer i Leikarringen sjølve, noko styret tykkjer er sær spositivt og ønskjer å stø opp om!

4.2 Barnesatsing i Leikarringen

4.2.1 Oppretting av ny barnedansegruppe

BUL har dei siste åra ikkje hatt nokon barnegruppe med fokus på andre folkedansar enn halling. Frå og med 1. januar 2019 har styret starta opp eit lite tilbod for barn som vil lære par- og gruppedans (turdans, songdans m.m.).

Denne gruppa vonar vi vil vekse, men gruppa har denne terminen ca. 5-6 dansarar kvar veke. Gruppa øver kl. 17:00-18:00 kvar tysdag i Lagsrommet i Rosekrantz' gate 8.

Gruppa har eigen instruktør i Ingeborg Solheim-Allen.

4.2.2 BULder og Brak - utstyr

I 2018 kjøpte Leikarringen inn noko nytt utstyr til BULder og Brak. Dette har vore ein suksess og vel tatt i mot av gruppa og aktivt nytta av instruktørane i arbeidet med ungdomane. Difor ynskjer vi og å 2019 å kjøpe inn fleire matter og puter til oppøving av akrobatiske dugleiker. Døme på naudsynte innkjøp vil vere:

- Matter
- Buepute
- Førstehjelpsskrin
- Stokker
- Hatter

4.3 Framsyningar (hovudsakleg BULder og Brak)

Leikarringen ønskjer å kunne stille med framsyningar ved forespurnader. Vi får gjennom året slike oppdrag frå friviljuge organisasjonar, private bedriftar og privatpersonar, men har dei siste åra ikkje hatt tilgjengelege dansarar til å møte dette på ei tilfredsstillande måte. Dessutan må vi hyre musikar kvar gong, som gjer kostnaden høg.

Derimot er BULder og Brak klare for oppdrag, og vi ønskjer å satse mest på framsyningsaktivitet for denne gruppa. Allereie veit vi om at gruppa skal delta på forestillinga "Sangfoni" i regi av NRK og Riksscena, og juleavslutninga til Riksscena.

Elles ser vi etter gode høve for den nystarta barnegruppa vår også. Her skal innsteget for å vere med vere låg.

4.4 Hundreleik - 100-årsjubileum

Jubileumsnemda består av: Solveig Brekke Hauknes, Torbjørn Bergwitz Lauen, Anbjørg Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Rune Bjerke, Karianne Johansen.

Hundreleik er namnet på jubileumsfeiringa av Leikarringen sine 100 år. Markeringa tar mål av seg om å gjere meir ut av tradisjonelle arrangement enn vi elles gjer, men og å skipa til eigne hendingar. Blant dei særlege arrangementa var Sleppeleik arrangert i 2018 på 99-årsdagen hjå ringen. I tillegg har ein Mimreleik, Småleik, Hytteleik, Jubelleik og Åremålsleik.

Økonomi

Til hundreårsmarkeringa har Leikarringen ei eiga nemnd som held eit eget budsjett. Dette gjeld for følgjande arrangement: Sleppeleik, Storleik, Mimreleik, Hytteleik, Jubelleik og Åremålsleik. I år (2019) har styret tildelt nemnda 20 000 kr per 29.1.19. Vi ventar at dette vil gå noko opp og ber årsmøtet ta stilling til det øvrige beløpet.

I tillegg kjem dei andre arrangementa i høve 100-års markeringa.

4.5 Kurs og seminar

Vi vil oppmode medlemer om å søkje ny kunne frå relevante kurs for aktiviteten i laget. Det er eit mål at medlemer som reiser på kurs med støtte får Leikarringen bør få praktisere det dei lærar på kurs og arrangement med i løpet av året. T.d. helde minikurs for medlemer eller liknande.

4.6 Profilering

4.6.1 Leikarringen i Allkunne og Wikipedia

I år, som i fjor, ønskjer vi å arbeide for å opprette Wikipedia-artikkelen "Leikarringen i BUL Oslo" og ein tilsvarende artikkel i Allkunne. Dette vonar vi vil gje betre blest kring ringen og aktiviteten på verdsveven elles. Større digital flate bør vere sentralt for ein framtidsretta 99-åring.

SAK 5 MEDLEMSPENGAR FOR 2020

Øvrig informasjon om medlemskap i Leikarringen:

Faktura for medlemsavgift blir sendt på e-post (ein gong per år) frå hovudlaget i BUL, i januar eller ved innmelding. Når medlemspengane er betalt, sender dei medlemskort på e-post. Medlemer utan e-post får faktura og medlemskort i posten.

Medlemsfordelar:

- Kaffistova i Rosenkrantz gate 8: 10 %
- Heimen Husfliden i Arbeidergata og GlasMagasinet på Stortorget: 10 %
- Bondeheimen i Oslo, Saga Hotell i Tromsø: 15 %
- Det Norske Teatret: 20 %
- På sportsutstyr etter gjeldande avtale

Styret sitt framlegg til vedtak:

Medlemspengar for Leikarringen i 2020 vert uendra frå 2019

- Vaksne - 300 kr
- Studentar og pensjonistar - 150 kr

Dette kjem i tillegg til medlemsavgift til BUL på 650 kr.

BULder & Brak-kontingent blir halden på same nivå som 2019.

SAK 6 BUDSJETT FOR 2019

		2019	2018	2018
		Budsjett	Rekneskap	Budsjett
3010	Årspengar	30 000	31 300,00	30 000
3060	Særlagsstønad	100 000	100 000,00	100 000
3075	Inntekt oppdrag	20 000	22 000,00	30 000
3090	Diverse tilskot	7 000	54 160,00	20 000
3100	Billettsal	2 000	900,00	2 000
3110	Anna inntekt, øvingar	3 000	7702,28	2 500
3410	Mva.ref.	2 000	851,39	2 000
3900	Ymse inntekter	0	0,00	20 000
	SUM DRIFTSINNEKTER	164 000	220 801	206 500
5315	Honorar Barnelaget	-52 500	-111 873	-36 000
5515	Honorar	0	0,00	0
5830	Lønskostnader til fordeling	-100 000	-89 073,20	-115 000
6550	Driftsmaterialer	-10 000	-9 967,70	-10 000
6890	Andre kontorkostnader	-1 000	-239,49	-1 000
7110	Ferdapengar	0	0,00	0
7310	Lysingar, blestarbeid	-1 000	-2 030,00	-2 000
7342	Møtekostnader	-2 000	0,00	-2 000
7440	Gåver	-5 000	-4 069,80	-6 000
7510	Forsikring lagsdrifta	-4 000	0,00	-4 000
7712	Andre møtekostnader/øvingar	-4 000	-3 834,06	-6 000
7715	Kurs	-5 000	-1 011,00	-5 000
7730	Rådvelde styret	-30 000	-20 000,00	-70 000
7790	Andre kostnader	-17 000	-20 900,00	-25 000
7792	Andre kostnader festar	0	0,00	0
	SUM DRIFTSKOSTNADER	-231 500	-179 925,25	-282 000
8050	Renter bank	3 600	3 591,00	3 300
8150	Bankgebyr	-100	0,00	-100
8800	RESULTAT	-67 500	13 522,42	-75 500
	<i>Resultat inkl. finans</i>	-64 000	17 113,42	-72 300
	<i>Resultat før Rådvelde</i>	-37 500	37 113,42	-25 500

SAK 6 BUDSJETT FOR 2019

INNTEKTER

Inntekter på kr. 167 000,- kjem i hovudsak frå særlagsstøtte og medlemspengar (årspengar). Vi reknar ikkje med nokon auking på desse postane, derfor står denne inntektsposten uendra i årets budsjett.

Vi ser det og i år naudsynt å få fleire inntekter til Leikarringen. Vi held difor fram med å søkje vaksenopplæringsmidlar. Dette ventar vi vil utgjere totalt kr. 7 000,- for vår- og haustsemesteret, og er budsjettert under diverse tilskot. Fordi hovudfokuset til Leikarringen i år er arbeidet med 100-årsjubileet, er tanken at hovudvekta av søknadar om økonomisk støtte skal skje på vegne av Hundreleik. Styret ser det derfor som et konkurrerande tiltak å i tillegg søke økonomisk støtte på vegne av Leikarringen til regulær drift, og har derfor redusert dette beløpet under post 3090 "Diverse tilskot" til kr. 7 000,-.

Vi får med ujamne mellomrom førespurnadar om oppdrag og vi ønskjer i 2019 å ta på oss oppdrag som kan gi drifta eit tilskot på kr. 20 000,- til saman. I 2018 hadde vi inntekter frå div. oppdrag på 22 000,-. Det bør kommenterast at dette bidraget til inntektene på denne posten til nå i all hovudsak kjem frå framsyningar som BULder og Brak har blitt leid inn til. Med det medlemsgrunnlaget vi har i dag er det vanskeleg for styret å mobilisere nok dansarar til å stille opp til framsyningar der berre Leikarringen deltek, så det er ikkje realistisk å sjå for seg å auka denne posten utan at arbeidsmengda i form av oppdrag for BULder og Brak blir auka.

I budsjettet for 2018 vart det vedteke at det under Posten "3900 Ymse inntekter" skulle førast ein inntekt på kr. 20 000,- som skal brukast til å gjennomføra eit større tiltak til promotering, i kraft av et videoprojekt i 2018. Denne posten tilsvara det vi håpte å kunne søke i støtte for å gjennomføre prosjektet. Desse planane blei ikkje satt ut i livet i løpet av 2018. Styret reknar det som ikkje ønskeleg å bruke ressursar på eit slikt prosjekt i år for å heller kunne bruke alle tilgjengelege ressursar på arbeidet med Hundreleik. Dersom årsmøtet støtter denne vurderinga blir denne posten redusert på budsjettet for 2019 tilsvarande det beløpet vi håpa å få inn i støtte. Det må derfor òg nemnast at den tilsvarande eigeninnsatsen til prosjektet som kom fram i posten "7730 Rådvelde styret" blir fjerna sidan desse to postane i utgangspunktet hang saman.

MVA-kompensasjon frå Noregs Mållag har vore på same nivå sidan 2016, og vi vel difor å budsjettere på same nivå som for 2019.

KOSTNADAR

Kostnadar på kr. 231 500,- for vanleg drift. Den største posten er honorar til instruktørar og musikk -> kjerna i aktiviteten i ringen.

Under post 5830 "Lønnskostnader til fordeling" er det for vårsemesteret budsjettert med kr. 49 500,- og kr. 45 000,- for haustsemesteret. Under desse reknar ein honorarutgifter i samband med 17. mai på kr. 15 000,- og dansekvevdar på kr. 8 000,-. Dette gjer at dei totale lønnskostnadene lyder på kr.

100 000,-. Eit tiltak frå styret si sida for å redusera denne utgifta frå tidlegare år er å i større grad nytte seg av interne instruktørar i 2019. I tillegg til dei vanlege instruktørutgiftane så er kostnadene til instruktør for BULder og Brak berekna til 36 000,-. Denne utgifta vil bli ført under Posten 5315 "Honorar Barnelaget". Dei utgjer omtrent 18 000,- pr. semester. I samband med opprettinga av den nye barnegruppa kjem det i tillegg utgifter til instruktørhonorar på kr. 16 500,-. Post 5315 er difor justert noko høgare i årets budsjett. Til saman blir dette honorarutgifter på kr. 152 500,-.

Under post "6550 Driftsmaterialer" ynskjer styret også i år å budsjettere med kr. 10 000,- til innkjøp av nytt utstyr til bruk for undervisning til BULder og Brak. Innkjøpet som ble gjort i haust har vist seg å være en suksess i det at det flittig benyttes, og det har bidratt til auka engasjementet hos ungdommane. Hallinggruppa står for ei stor del av inntektene til Leikarringen gjennom framsyningar, så styret meiner at det derfor er på sin plass at litt midlar blir sett av til å brukast på dei i år òg.

Vi har dei siste semestera laga til programfoldarar som medlemene våre får og som vi brukar som promoteringsmateriell på dansefestar. Styret har sett i løpet 2018 at den mest effektive marknadsføringa som blir gjort skjer gjennom promotering på sosiale media. Difor ønskjer vi i år i større grad å bruke pengar til å finansiere digitalt blestarbeid. Kostnader for å gjera dette har vi budsjettert med under Post 7310 "Lysingar og anna blestarbeid" til kr. 1 000,-. Denne posten blei innført i 2018 etter ønske om meir oversiktleg posteringspraksis i rekneskapen til ringen.

Leikarringen sender framleis blomar til jubilantar og i samband med gravferd. Post "7440 Gåver" er derfor satt til kr. 5 000,-. Utgifter til forsikringar under post 7510 "Forsikring lagsdrifta" dekkjer Leikarringens bunadar og bunadssølv. Under posten 7790 "Andre kostnader" kjem utgifta til hest og kjerre på 17. mai på kr. 5000,- og deltaking på Kven Veit for eit lag med 10 deltakarar på kr. 1600,-. Det blei i fjor vedteke av Årsmøtet at utgifta til deltaking på Oslokappleiken og Landskappleiken skulle dekkjast av Leikarringen. Dette kom i fjor på kr. 6000,- for deltaking på Landskappleiken, og kr. 4000,- for Oslokappleiken. Totalt kjem post 7790 på kr 17 000,-.

"7712 Andre møtekostnader/øvingar" på kr. 4 000,- er utgifter til kaffi, te og enkel servering på øvingar og dansekveldar. Styret har valt å vidareføra avgjera frå i fjor om å stryke servering i samband med styremøte, som det tidlegare år har vore budsjettert med. Dette ville før ha kome innunder post 7342 "Møtekostnader".

Det er óg budsjettert med ein post til kursutgifter som er tiltenkt medlemmer som ynskjer å dra på kurs. Dette vil vere ein pott som alle medlemmer kan søkje stønad frå. Spesielt ønsker vi at ungdomsdansarane skal nytte seg av denne stønaden, for at vi skal kunne utvikle undervisningskompetansen hos den kommande dansegenerasjonen. Det er tenkt at ein prøver å fordele potten i to slik at det er mogleg å søkje stønad gjennom heile året.

Styret føreslår som i fjor eit beløp til styrets rådvelde, dette er i all hovudsak midlar til å støtte vår eiga jubileumsfeiring. Styret fekk ei førespurnad i fjor i frå nemda som står for tilskipinga av 100-års jubileet, om å garantere for kr. 20 000,- til gjennomføring av feiringa. I år ønskjer nemda ytterlegare

kr. 30 000,- til gjennomføringa av jubileet, og styret håper at Årsmøtet ønsker å innvilge desse midlane. På grunn av avlysinga av promoteringsprosjektet som ble nemnt under post 3090 "Ymse inntekter" vil post 7730 bli redusert til kr. 30 000,- på årets budsjett.

For dei planane styret har lagt og tenkt for året gir dette eit resultat på kr. -67 500,-

SAK 7 VAL

Det skal veljast

- Styret: leiar for eitt år, eit styremedlem for to år, to varamedlemer for eitt år
- Bunadnemnda: tre medlemer for eitt år
- Rådet: to medlemer for to år
- Valnemnda: tre til fem medlemer for eitt år

Innstilling frå valnemnda er følgjande:

Styret i Leikarringen:

Leiar:

Audun Grüner-Hegge (veljast for eitt år)

Styremedlemer:

Simon Hesselberg Løvald (ikkje på val)

Aleksander Breiby Herseth (ikkje på val)

Solveig Brekke Hauknes (veljast for to år)

Varamedlemer:

Marta Lindvik (veljast for eitt år)

Rita Sirirud Vatnehol (veljast for eitt år)

Bunadnemnda (veljast for eitt år):

Åse Wethal Holen

Anne Cathrine Johansen

Sigrid Kjøbli

Rådet i Leikarringen:

Rune Hernes Bjerke og Anne Cathrine Johansen vart valde for 2 år i 2018.

Det skal veljast 2 kandidatar.

Liste over moglege kandidatar vert oppdatert så snart det er klart.

Styret si innstilling til ny valnemnd for 2020:

Audun Stokke Hole, Eva Fischer, Torbjørn Lauen

VEDLEGG

Vedlegg 1 – Årsmelding for Leikarringen 2018

Vedlegg 2 – Lover og styringsføresegner for Leikarringen i BUL i Oslo pr. 01.03.16

Vedlegg 3 – Terminplan for våren 2019 - Leikarringen (førebels)

Vedlegg 4 - Terminplan for våren 2019 - BULder og Brak

Vedlegg 5 - Terminplan for våren 2019 - Nyoppstartet barnegruppe

Vedlegg 6 – Liste over kandidatar til å sitje i Rådet (vert lagt fram på årsmøtet)